



STRYN KOMMUNE

MØTEBOK

SAK	ORGAN	MØTEDATO
FO 143/14	Formannskapet	25.09.2014
KS 070/14	Kommunestyret	25.09.2014

Avgjerd av: Kommunestyret

Ref: 10/436 -4

Ark. S00

Sakshandsamar: Per Kristian Storevik

Energiforsyning - Fråsegn til Reitenutvalet si utgreiing.

Presentasjon:

Olde og energidepartementet sette ned ei prosjektgruppe «*blant annet ut frå et behov for å rydde opp i en fragmentert og uoversiktlig nettstruktur i regional- og distribusjonsnettet, usikkerhet rundt klassifiseringa regionalnettet og beslutningen om å stille NVEs arbeid med regionalnettordningen i bero*».

Mandatet for arbeidet har vore:

1. *Gruppen skal kort drofte hvilke oppgaver overforingsnettet i Norge må ha på lang sikt.*
2. *Gruppen skal vurdere hva som er en hensiktsmessig nettorganisering. Det skal legges fram en eller flere modeller for organiseringen.*
3. *Gruppen skal vurdere hvilke forutsetninger som må være oppfylt og hvilke virkemidler myndighetene kan bruke for å få til en god nettorganisering. Det skal legges fram ett eller flere alternative forslag til virkemiddelbruk.*
4. *Det er i dag store tarifforskjeller mellom nettselskapene. Det er et mål å få mer harmoniserte tariffer.*
5. *Gruppen skal vurdere om ønsket endring i nettorganiseringen lar seg gjennomfore innen 2020, og legge fram en strategi for eventuell gjennomføring.*
6. *Gruppen organiserer selv sitt arbeid og vurderer selv eventuelt behov for ekstern kontakt og/eller bistand.*

Frist for å gje høyringsfråsegn er 01.10.2014.

Vedlagt saka:

1. Fråsegn dat 18.09.2014 frå Landssamanslutninga av vasskraftkommunar (LVK).
2. Stryn Energi AS sine merknader dat 15.09.2014.

Ikkje vedlagt:

- Reitenutvalet sin rapport «Et betre organisert strømnett».

Saksopplysningar:

Dei vedlagde fråsegnene gjev eit godt bilete av korleis gjennomføringa av Reitenutvalet sin tilrådingar vil råke mindre distriktsnettverk negativt. Utvalet sine tilrådingar vil føre til ei storstila sentralisering – og gjennom krav til organisering av biaktivitetar tilnærma umoglegjere rasjonell drift av slike aktivitetar i distrikta.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Stryn kommune slutter seg til innhaldet i fråsegna frå Stryn Energi AS.

Handsaming i Formannskapet 25.09.2014.

FO-143/14 Vedtak:

Tilrådinga vart vedteke med fylgjande tilleggspunkt:

1. Stryn kommune ser positivt på at utvalet erkjenner problemstillingar rundt store skilnader i nett-tariffar i ulike deler av landet. Det er også positivt at innmatingsinntektene skal gå til det nettnivået der faktisk innmating skjer.

Stryn kommune beklagar derimot at utvalet ikkje har foreslått løysingar for problem knytt til urimeleg høge og aukande nett-tariffar i område med omfattande utbygging av fornybar kraftproduksjon.

Konsekvensen av manglende løysingar kan bli nedbygging av industri og næring , og strek svekking av utbygging av fornybar energi.

Stryn kommune ber om ei utgreiing av ei nettleieordning som tek omsyn ti utfordringane i område med stort potensiale for produksjon av ny fornybar energi. Kommunen ber om tiltak som sikrar konkurransedyktige rammevilkår.

2. Noverande nettariffar stimulerer til å leggje tung forbruk av elektrisk energi til underskotsområde (vekk frå våre overskotsområde). Dette fører til dyraare nett og større tap i nettet. Ei ny ordning må gje prissignal som fremmar rasjonell bruk av ressursane.


Samrøystes tilrådd.

Handsaming i Kommunestyret 25.09.2014.

KS-070/14 Vedtak:

Formannskapet sitt framlegg samrøystes vedteke.

Sign.


Per Kristian Storevik

- sekrs.-

Utskrift av endelig vedtak vert sendt til:

OED
Stryn Energi AS

